

Vår ref.:  
25/01837-14

Vår dato:  
27.05.25

## Referat frå IDF-møte 14.05.2025

**Tid og stad:** 14.06.2025, kl. 13.00 – 15.00, i Teams

### Til stades frå partane:

#### Arbeidstakar:

|                       |                        |          |
|-----------------------|------------------------|----------|
| Jan Ove Rogde Mjånes  | Akademikerne           |          |
| Tone Skjerdal         | NTL/LO Stat            |          |
| Gjert Anders Askevold | Forskerforbundet (FF)  |          |
| Karl-Eric Melander    | YS/Parat Stat          |          |
| Tor Ragnar Hjelmtveit | Parat                  | Bisittar |
| Venke Klubben Prytz   | Norsk sykepleieforbund | Bisittar |

#### Arbeidsgjevar:

|                       |                                                                                  |
|-----------------------|----------------------------------------------------------------------------------|
| Tage Båtsvik          | Organisasjonsdirektør                                                            |
| Eirin Fausa Pettersen | Avdelingsleiar - Avdeling for forskning, internasjonalisering og innovasjon (sak |
| Lisbeth Thomsen       | Seniorrådgjevar – Avdeling for HR (sak                                           |

|                   |                               |
|-------------------|-------------------------------|
| Anette Undheim    | Seniorrådgjevar HR            |
| Linn Melby Meyer  | Seniorrådgjevar HR            |
| Anne Lone Hovland | Seniorrådgjevar HR / referent |

#### **Forfall:**

|            |                 |
|------------|-----------------|
| Karin Bell | Hovudverneombod |
|------------|-----------------|

## Informasjonssaker

### 19/25 Godkjenning av innkalling og sakliste

#### 20/25 Informasjon frå tillitsvalde

NTL informerte om tilbakemeldingar frå medlemmane som tydar på at tilpassingsavtalen ikkje fungerer etter intensjonen og at medverknadsmøta blir praktisert ulikt. Ein viste også til tidlegare spørsmål med ønskje om endringar i fristen for innmelding av ferie, og at 15. april er for tidleg i høve til at arbeidsplanlegginga for hausten ikkje er klar på dette tidspunktet.

Forskerforbundet informerte om tilbakemeldingar frå medlemmar som opplev eit høgt press på interne høyringar, som gjer det krevjande å halde oversikt og som trøytar ut organisasjonen. Det vart også etterlyst eit større fokus på den slitasjen tilsette opplev i samband med nedtrekk i finansieringa, og korleis dette virkar inn på sjukmeldingar og oppseiingar. Evalueringa av heimekontorordninga vart også etterspurt.

Forskarforbundet oppmoda vidare arbeidsgjevar om stå opp for kjerneverdiane – ytringsfridom, likestilling og mangfald - ved å markera Pride med både flagging og deltaking i paradar.

Akademikerne informerte frå årsmøta i Samfunnsviterne, NITO og TEKNA. Ein stilte seg elles bak NTL og Forskarforbundet sine innvendingar til tidsfristen for innmelding av ferie, og bekymringane knytt til endringar i basistildelinga og korleis dette verkar inn på dei tilsette sin arbeidskvardag.

#### 21/25 Informasjon frå HVO

Utgår

#### 22/25 Informasjon frå arbeidsgjevar

*Gode søkjartal til HVL*

HVL er den institusjonen i landet, som i år har størst auke i tal førstevalssøklarar.

NTL minna arbeidsgjevar om viktigheita av å følgje opp søkjarane på ein god måte, slik at dei også tek i mot tilbod om studieplass når den tid kjem.

*Nye leiartilsettingar*

I møte 24. april tilsette høgskulestyret to prorektorar og to dekanar. Alle stillingane er fireårige åremål. Anne-Grethe Naustdal vart tilsett i nytt åremål som prorektor for utdanning, medan Øyvind Midtbø Berge er ny som prorektor for nyskaping og regional utvikling. Vegard Fusche Moe og Else Cathrine L. Rustad er nye som dekanar ved høvesvis FLKI og FHS.

*Tilsyn og eigenvurdering av kvalitetssystemet*

Arbeidet, som må sjåast i samanheng med universitetssøknaden, er godt i gang. NOKUT skyv framleis på tidslinja for ferdigbehandling av søknaden, som no er utsett frå våren 2026 til hausten 2026. Kvalitetssystemet skal vera godkjent i løpet av våren 2026.

*Organisering av arbeidet med medverknad i fakulteta*

Arbeidet med å setja saman ei arbeidsgruppe er i gang og ein tek sikte på ha klart eit mandat for arbeidet som kan starte opp hausten 2025.

*Oppfølging av styresak om basistildeling – innhenting av ytterlegare kunnskapsgrunnlag*

IDF-utvalet sine medlemmar fekk skriftleg informasjon om saka (i Teams 7. mai), og høve til å komme med innspel. Fristen for å komme med innspel er 22. mai.

*Nytt system for anonym emneevaluering*

Spørsmålet var meldt inn av NTL. Skriftleg informasjon frå Avdeling for utdanningskvalitet var vedlagt møte-innkallinga.

Systemet, som er utvikla internt i HVL, er meint å forenkla arbeidet med emneevalueringar og skal bidra til eit meir tilgjengeleg og betre datagrunnlag for kvalitetsarbeidet. Prodekanane i fakulteta har vore informert om arbeidet, men arbeidsgjevar vedgår at informasjonen ikkje i tilstrekkeleg grad har nådd ut til dei som skal bruka systemet.

Organisasjonane var samla i si tilbakemelding til arbeidsgjevar om at kravet til medverknad ikkje har vore godt nok i vareteke. I tillegg har prosessen mangla ein strategi for implementeringa. Dei tillitsvalde hadde også ønskt at dei vart informert om arbeidet med utviklinga av det nye systemet undervegs i prosessen. Med omsyn til tal tilsette som skal ta det nye systemet i bruk, meinte dei òg at saka kunne vore lagt fram for drøfting.

NTL bad i tillegg arbeidsgjevar svara på om dei avgrensingane som vart lagt inn i systemet etter publiseringa, kan reknast som ei varig ordning.

Arbeidsgjevar tek tilbakemeldingane til vitande. Når det gjeld spørsmålet om drøfting, ser ein likevel ikkje at systemet medfører ei endring som gjer det naturleg å ta det opp til drøfting. Arbeidsgjevar vil komma tilbake med eit svar på NTL sitt spørsmål om varigheita av dei tiltaka som vart gjort i samband med publiseringa

### **23/25 Starta og slutta i HVL**

Arbeidsgjevar har sendt ut oversikt over starta og slutta i perioden 20.03.2025 – 06.05.2025. I perioden er det 12 personar som har tiltredd stilling i HVL, mot 16 som har tredd i frå.

Forskarforbundet har merka seg at det i perioden er fleire som har slutta enn starta, og etterlyste ein analyse av turnovertala i HVL. Det vart m.a. vist til tilbakemeldingar frå medlemmar om at lønsvånet er for lågt og at stillingane difor er lite attraktive. Ein ønskte også informasjon om korleis prosessen kring sluttsamtalar/-skjema blir følgd opp.

Arbeidsgjevar ønskjer ikkje å føre ein diskusjon kring sluttårsaker basert på einskildhistoriar. Arbeidet kring sluttsamtalar/-skjema, vil på sikt, kunne bidra til eit betre faktagrunnlag i desse diskusjonane. Spørsmålet om turnovertala, vart svara ut i møtet med tilvising til nyleg utarbeida analysar, som visar at det i dei faste stillingane har vore marginale endringar i denne trenden dei siste tre åra. Tala viser turnover i faste stillingar i HVL på 7 % i 2022, og 6 % i 2023 og 2024.

### **24/25 Arbeid med kompetansevurderingsmatrise for undervisnings- og forskingsstillingar**

Lisbeth Thomsen, seniorrådgjevar ved Avdeling for HR, informerte om arbeidet med utforming av kompetansevurderingsmatrise for undervisnings- og forskingsstillingar i HVL. Arbeidet er ei oppfølging av endringane i kompetansekrava for undervisnings- og forskingsstillingar i den nye universitets- og høgskuleforskrifta som tok til å gjelde 01.08.2024, med ein overgangsperiode på eitt år.

Arbeidet er organisert med ei arbeidsgruppe og ei referansegruppe. Føremålet med arbeidet er å lage eit verktøy som skal vera til hjelp i vurderinga av akademisk kompetanse. Arbeidet byggjer på NOR-CAM<sup>1</sup>-retteleiar, men vil vera tilpassa HVL si verksemd. Kompetansevurderingsmatrisa skal gje ei i systematisk oversikt over kompetanse som skal/kan vurderast ved tilsetjing, opprykk og overgang i vitskaplege stillingar. Matrisa vil m.a. innehalda eksempel på kva som kan inngå i vurderinga, utan å vere uttømmmande, og det vil vere rom for variasjonar innanfor stillingskategoriane og mellom dei ulike fagområda.

Etter planen skal kompetansevurderingsmatrisa leggjast fram for styret i møte 12. juni. IDF-utvalet vil få informasjon om arbeidet med styresaka i IDF-møtet 2. juni, før den blir teken opp til drøfting i IDF-møtet 10. juni.

---

<sup>1</sup> [NOR-CAM \(Norwegian Career Assessment Matrix\)](#) er ein rettleiar for vurdering av akademiske karriereløp utvikla av Universitets og høgskulerådet

Forskarforbundet er glad for at saka kjem opp til drøfting, men skulle helst sett at saka vart sendt på høyring. Det er særleg endringane i dosentstigen som er utfordrande å få grep om, særleg med omsyn til at det ikkje lenger er krav om forskingskompetanse i stillinga. Ved å sende saka ut på høyring, vonar FF at ein kan få fleire innspel til dette.

Thomsen utdjupa valet av arbeidsmetode og at ein har søkt å ivareta dei ulike tilsettegruppene gjennom måten ein har organisert arbeidet på. Ein høyringsrunde no vil heller ikkje vera mogleg på grunn av den korte overgangsperioden mellom dei to forskriftene.

Arbeidsgjevar minna om viktigheita av at desse spørsmåla også kjem opp i drøftinga.

## **25/25 Innsyn i TE-plan**

Saka var meldt inn av NTL, som hadde spørsmål til arbeidsgjevar si vurdering av personvernet, og om vurderingane er i tråd med bestemmingane i Hovudavtalen § 18 Drøftingar, punkt g. oppsetting av arbeidsplan (tjenesteliste, vaktplan, turnuslister og lignende) arbeidsmiljølova § 10-7, om tillitsvalde sin rett til innsyn i kor mykje den einskilde tilsette har arbeidd.

Forskerforbundet stilte spørsmål om arbeidsplanen vart teken opp til drøfting med dei tillitsvalde i samsvar med bestemmingane i Hovudavtalen.

Arbeidsgjevar viste til dei svara som tidlegare er gitt i saka. Innsyn i detaljane i den einskilde tilsette sin arbeidsplan er ikkje omfatta av aml. § 10-7, som gir tillitsvalde rett til ei samla oversikt over arbeidstida. Detaljane i den individuelle arbeidsplanen er å rekna som personopplysningar. Vurderingane er gjort i samråd med personvernombodet. Reglane i GDPR set strenge grenser for utlevering av personopplysningar, og innsyn krev enten samtykke frå den einskilde tilsette, eller at det ligg føre eit konkret tenestleg behov. Dei som treng det for å kunne gjera arbeidet sitt, får slikt innsyn, m.a. studieansvarlege og emnekoordinatorar. Dette vil også gjelda tillitsvalde når det ligg føre eit konkret behov. Arbeidsgjevar ser med dette denne saka som avslutta.

## **Drøftingssaker**

### **26/25 Særavtale for kronetillegg for faglige verv og funksjoner ved HVL og Særavtale for råd og utval**

Forslag til prosess og mandat var lagt fram skriftleg i forkant av møtet. Organisasjonane kom ikkje med endringsforslag, men spelte inn at mandatet var noko vagt, særleg med omsyn samansettinga av arbeidsgruppa.

Organisasjonane slutta seg til den føreslegne tidslinja.

NTL har bede om at det som ledd i arbeidet med særavtalane, også blir utforma ein felles mal for stadfesting av deltaking i råd og utval ved HVL. Arbeidsgjevar vil finna ei løysing for dette.

### **27/25 Ethiske retningslinjer for rettleiing**

IDF-utvalet fekk tilsendt skriftleg drøftingsframlegg i forkant av møtet.

Arbeidsgjevar introduserte saka, og beklaga at retningslinjene gjekk til vedtak utan at den først var drøfta med dei tillitsvalde. Retningslinjene er difor stilt i ro. Referat frå drøftingane vil følgje saka til rektor, som deretter gjer nytt vedtak.

Eirin fausa Pettersen, avdelingsleiar for internasjonalisering, innovasjon og forsking, orienterte kort om grunnlaget for retningslinjene og korleis arbeidet har vore organisert.

Organisasjonane var samstemde i sine tilbakemeldingar til arbeidsgjevar når det gjeld måten prosessen var lagt opp på. Dei tillitsvalde burde vore kopla på mykje før, om ein skulle hatt moglegheit til å bidra i prosessen.

Til sjølve drøftinga kom Forskerforbundet med innspel til følgjande punkt i retningslinjene: *«Ein kan ikkje vere rettleiar for nokon ein er i slekt eller svoger- eller svigerskap med (i tråd med habilitetsreglane i forvaltningslova). Dersom ein student har fleire rettleiarar, gjeld habilitetsreglane i forvaltningslova normalt òg mellom rettleiarane»*. Forskarforbundet peika m.a. på at forvaltningslova regulerer forholdet mellom to partar og at forholdet mellom rettleiarane difor ikkje er omfatta av habilitetsreglane i forvaltningslova. Vidare vart det trekt fram at ordet «normalt», i denne samanhengen opnar opp for skjøn og mogleg forskjellsbehandling, det er også uklårt korleis ev. unntak skal handsamast. Forskjellar mellom studieprogram og program på ulike nivå, kan også vera ein kime til konflikt.

NTL peika på at implementeringa av retningslinjene blir meir krevjande fordi prosessen har mangla involvering, og ønskte svar på korleis ein har tenkt å nå ut til alle tilsette slik at ein i studentrettleiinga kjenner til og tek innover seg innhaldet i dei nye retningslinjene. NTL bad også om at det vart lagt inn eit evalueringspunkt i retningslinjene slik at IDF-utvalet får dei tilbake til ny drøfting når dei har vore i bruk ei tid.

*Referatet er godkjent elektronisk*